


Kyrkjeblad for Fjaler

NR. 3 DESEMBER 2022
80. ÅRGANG

God jul!

Så enkelt og stille
kom Gud til vår jord,
så høgt er eg el ska
av Jesus, min bror.
Han kom frå Guds himmel,
Gud sjølv var han lik,
men Jesus vart fattig
og eg er blitt rik



Sei noko om Jesus!

Den 30. november sluttar eg som biskop. Dette er difor mi siste julehelsing i kyrkjeblada i Bjørgvin. Då vil eg seia noko om Jesus. Eg har sagt mykje om mangt i dei nesten 14 åra eg har vore biskop. Men ingen ting har vore viktigare for meg enn å seia noko om Jesus.


Den kjende svenske forfattaren Göran Tunström opplevde ein gong at telefonen hans plutsleig ringde svært seint ein kveld. Det var ein gammal ven som livet hadde køyrt over fleire gonger. Han kjende seg totalt ferdig. Det einaste han orka å seia var: – Du må komme!

Tunström kom, og vart møtt av venen som hang i dørkarmen med den eine handa, medan den andre heldt fast på ei whiskyflaske. Han såg på Tunström med slitne augo og fekk stamma fram: – Du må seia noko! Tunström svarte: – Kva skal eg seia? Vennen sa: – Eg veit ikkje. Men du er jo forfattar. Du må seia noko.

Då datt det ut av Tunström: – Skal eg seia noko om Jesus? – Ja, sa vennen. Gjer det! Sei noko om Jesus! Så byrja han å gråta. Tunström gjorde som han vart beden om. Han sette seg ned saman med venen, og byrja å snakka om Jesus.

Eg forstår dette utbretet: – Sei noko om Jesus! Viss eg kjem dit at alt rasar rundt meg, slik det gjorde for mannen i denne forteljinga, då vil eg høyra om Jesus. Då vil eg høyra om han som er sentrum i julefeiringa. Han som kom frå Gud, men som søkte seg nedover og landa på strå i Betlehem. Han som i alt han gjorde viste ei særleg omsorg for dei som sleit med å komma gjennom dagane, og dei som stod på sida av det gode selskapet.

Når vi les dei fire evangelia i Bibelen, ser vi at Jesus er miskunnsam og full av omsorg. Ein stad står det: «Då Jesus såg alt folket, fekk han inderleg medkjensle med dei, for dei var forkomne og hjelpelaus, som sauver utan gjetar». Orda som her er omsette med «han fekk inderleg medkjensle med dei», betyr direkte omsett: «hans indre kom i rørsle på grunn av dei». Menneske si naud rører Jesus



Biskop Halvor Nordhaug. Foto: Bjørgvin bispedømekontor

På vegen ut av Bjørgvin og tilbake til Ås der eg kom frå, spør eg meg sjølv: Kva fekk eg gjort som biskop? Mest av alt håpar eg at eg som Tunström har fått sagt noko om Jesus, om kjærleiken hans til oss. At eg har bidrege til å styrka trua på han som både er Guds son og på same tid menneskevennen, og som er fylt av inderleg medkjensle med alle.

Takk for meg! Det har vore ei festreise å vera biskop i Bjørgvin. Eg ønskjer dykk alle ei gledeleg jul og Guds velsigning!

Halvor Nordhaug

På kyrkjebakken

Velkommen til julekonsert

Den store julekonserten i Dale kyrkje

Fredag 9. desember kl. 19.00

Kom og hør lokale musikk-krefter. Cantus, Dale Musikkorps, Dalsfjorden Spelemannslag, Dekor og Fjaler kulturskule framfører m.a. favorittar som Tre nøtter til Askepott og Long December Nights.. Det vert også solosong – Kari Bremnes sin julesong Desemberbarn framført av Anne Marte Ospedal Haugen, og Sigrid Felde vil syngje sin eigen song, Julefred. Kantor Mark Taylor spelar både på orgelet og konsertpianoet. Allsong og ord for dagen. Kollekt ved utgangen. Vel møtt!

Ljosheimbasaren blir laurdag

11. februar 2023 kl. 15.00

Andre laurdagen i februar møtast vi på Ljosheim til den årlege Ljosheimbasaren.

Basar er kjekt og på Ljosheim brukar det vere fullt hus og god stemning. Folk likar både åresalet og det sosiale med basaren. Gode kaker til kaffien brukar det og å vere.

Mange er flinke til å bidra med gevinstar, noko som vi er svært takksame for. Handarbeid er noko mange ønsker å vinne. Flott om du i mørke vinterkveldar strikkar eller broderer gevinst til Ljosheimbasaren. Gevinstar til både loddboer og åresal tek vi gjerne i mot på kyrjekontoret, frå no av.

Personar til å sitje på butikkane og selje lodd, er også noko vi treng hjelp til. Meld deg gjerne om du kan ta ei økt. Dess fleire vi er, dess kortare økter må vi sitje.

Sidan førre basar har vi fått på plass handikaptolett oppe i hovudetasjen. Litt av småsalen vart «ofra» til toalett, men rommet er framleis stort nok til små gruppermøte m.m.

Ny kjøkkenkrok er det blitt med ny kjøkkeninnreiing med oppvaskmaskin og kjøleskåp.


Neste prosjekt er sterkt etterlengta nye gardiner i storsalen, og eit par medlemmar i soknerådet jobbar med det. Vi håpar snart å få på plass nytt golvbelegg i gangen oppe.

Vi er takksame for all støtte, både økonomisk og praktisk for å ta vare på Ljosheim, eit viktig hus for mange i bygda.



Mariahelg på Alværa misjonssenter, Lavik 2023

Innimellom treng vi å få litt avstand til alle gjeremål i kvardagen. Helga 3.-5. mars 2023 arrangerer NMS Mariahelg for damer i alle aldrar på Alværa misjons-senter. Målet med Mariahelg er å senke skuldrane, finne kvile og mat for sjela. Her blir det både felles måltid, hyggeleg sosialt fellesskap med andre, og høve til å nyte den fine naturen ved sjøen.



Tema for helga er ikkje avklart enda, meir informasjon om det kjem når programmet er klart.

Uansett – sett av helga no; 3–5.mars.

Spørsmål om helga/program – ta kontakt med Hanne Bildøy tlf: 996 10 528, epost: hanne@bildøys.no



Innhogging av nye namn og oppfrisking av skrifa på gravminne.

Kyrkjeverja formidlar kontakt med ein som kjem vår og haust og gjer slikt arbeid.

Ta gjerne kontakt!

ANNONSEPLASS TIL SALGS

Kr. 500 pr. annonse pr. blad i visittkortstorleik, lik denne.

3 kyrkjeblad pr år kr 1 500.

Dobbel storlek – dobbel pris.

Vi ønsker å starte å selje annonse i Kyrkjeblad for Fjaler. Dette for å auke intektene slik at vi kan halde fram med å lage eit godt og interessant blad.



I en natt...



I en natt så klar og kald,
av en ung og tapper mor,
i en krybbe i en stall
fødtes håpet til vår jord.
Så umerkelig, så stille,
byens gater helt forlatt.
Ingen opptog for den lille,
lyset kom en vinternatt.

Gjeterne satt rundt sin grue,
skremtes opp av lys og lyd.
Himlen sto i veldig lue,
engler sang om fred med fryd:
Ikke frykt, vær ikke redde,
Gud er kommet til vår jord.
Nå i natt var det det skjedde.
Gå til barnet og hans mor.

I det stille, til de små,
bringer Jesus håp og fred.
Og han kommer, da som nå,
fra sin himmel til oss ned.
Julenatt med lys og glede
minner oss om Gud som kom.
Evig er han her til stede.
Nå står grav og krybbe tom.

(Salme nr 69, Norsk salmebok 2013)



GAVEKONTO: 1594.22.87248

VIPPS valgfritt beløp til 2426

SMS **GAVE til 2426 (250,-)**

Konfirmantfestivalen

For første gong blei Konfirmantfestivalen arrangert i Sunnfjord – eit arrangement som har erstatta Nattcupen. Festivalen gjekk av stabelen laurdag 29. oktober i Gularhallen på Sande, og over 430 konfirmantar deltok. Eit musikkband frå St. Jakob kyrkje i Bergen laga show, og farmenprest Thor Håvik, prest i Salhus, tala til ungdommane.

Konfirmantane var med på ulike aktivitetar som dei hadde valt sjølv, mellom anna dans, drama, vektløfting, gaming/FIFA, friluftstur og førstehjelp. Det blei arrangert ei innebandyturnering, og festivalen blei avslutta med konsert og gudsteneste.



Det var konsert, song og gudsteneste på festivalen.



Fjaler sitt innebandylag gjorde ein god innsats i turneringa, og nådde nesten finalen.



*Dei bar småborn til Jesus
for at han skulle røra ved dei,
men læresveine viste dei bort.
Då Jesus såg det, vart han sint og sa til dei:
«Lat småborna koma til meg og hindra dei ikkje!
For Guds rike høyrer slike til.
Sanneleg, eg seier dykk:
Den som ikkje tek mot Guds rike slik som
eit lite barn, skal ikkje koma inn i det.»
Så tok han dei inn til seg,
ta hendene på dei og velsigna dei.
Markus 10, 13-16*

Vil du bestille dåp?
Send epost til
kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no
eller ring 40 50 94 52
Gudstenestelista finn du i kyrkjebladet
eller på www.fjaler.kyrkja.no.

DEN NORSKE KYRKJA
Fjaler sokn

LJOSHEIM er til leige

Ljosheim er soknet sitt hus i Dale. Hovudetasjen har no tilkomst for alle. Med rullestolrampe og handikaptoalett eignar huset seg godt til ulike tilskipingar. Til mindre arrangement kan det nye minikjøkkenet i småsalen nyttast. Her er det vanleg oppvaskmaskin, lite kjøleskåp og mikrobølggeomn. Kjøkkenet i kjellaren er òg pussa opp med nye kjøkkenbenkar m.m. Her er alt du treng til større arrangement. Attmed kjøkkenet er matsalen. Kjellaren har eigen inngang, også her er det handikaptoalett. Kom gjerne innom oss på kyrkjekontoret så viser vi deg huset og kan avtale leige.

Bli med på trusopplæring!

Ver ein GT-agent!

Laurdag 21. I snart to tusen år har vi feira gudstenester. Menneske byrjar sitt kristenliv ved å bli døypt i ei gudsteneste. Deltaking i og utbytte vert større med kjennskap til og forståing av innhaldet i gudstenestene våre.

GT-agentane er eit spennande opplegg om desse samlingane vi har i kyrkja som heiter «gudstenester». GudsTeneste = GT - Kom og utforsk gudstenesta vår som ein GT-agent!

Lær meir om dei faste songane som vi syng gjennom heile året og forteljingane frå bibelen som ligg bak dei.

- ? Visste du at vi syng på gresk i kyrkja?
- ? Kva heiter bursdagssongen til Jesus?
- ? Kven er Guds Lam?

Svara til desse og mange andre spørsmål vil sokneprest Knut Arne Kummeneje og kantor Mark Taylor gi deg gjennom leiteoppgåver, song, rørsler, rebus, forteljing og rollespel slik at du vil vere tryggare på det som skjer i gudstenestene våre og kvifor.

Samlingar i Dale kyrkje for barn fra 4. klasse fra Dingemoen og Flekke skular. Samling 1: Torsdag 2. mars kl. 11:45-13:00 for GT-agentane.

Samling 2: Søndag 5. mars kl. 11:00. Gudsteneste med GT-agentane og alle andre!

Samlingar i Folkestad kapell for barn fra 3., 4. og 5. klasser fra Våge skule.

Samling 1: Torsdag 2. mars kl. 14:45-16:00 for GT-agentane.

(Mark og Knut Arne kan hjelpe med skyss frå skulen kl. 14.30 til kapellet.)

Samling 2: Søndag 5. mars kl. 14:00. Gudsteneste med GT-agentane og alle andre!

Vel møtt!

Mark Taylor

Kantor i Fjaler – visste du at "kantor" er latin og tyder "songar" på norsk?




En jul å glede seg til

Mange familier går en tøff tid i møte.
Din støtte kan gi barn som «Ida» en tryggere jul.

VIPPS en gave til **13130**
Gi på konto **3201 52 74165**

Blå Kors



For 2-åringane!

Laurdag 21. januar kl. 11.00 inviterer Kyrkja i Fjaler til eit opplegg for dei som har fylt 2 år. Alle 2-åringane i soknet blir invitert til ei samling på Ljosheim. Då skal vi syne songar frå Mi Kyrkjebok 2, og mellom anna lære nokre kveldssalmar. Besteforeldre er også hjartelag velkomne til å vere med. Elles skal dei få bli kjent med Krølle, det vesle lammet som gjekk seg bort.

Den store forteljinga!

I januar og februar 2022 vil vi invitere "minikonfirmantane" med på "Den store forteljinga" som handlar om Bibelen og dei mange spennande forteljingane vi kan lese der. I år blir det 5. årssteg på Dingemoen og Flekke skular som får innbyding. Samlingane blir på Ljosheim i Dale torsdagane 26. januar(5A) og 2. februar (5B og Flekke) kl. 13.15-14.30.

Så kjem gudstenesta med utdeling av Teikneseriebibelen i Dale kyrkje søndag 5. februar kl. 11.00.

Gjennom desse samlingane håper vi borna vil lære mykje om både Bibelen og gudstenesta. Vel møtt!

KAK



Korleis gjer du jula grønare?

Reflektere over Guds skaparverk når du tek juleturen i naturen

- Jula er ei tid når du kan stoppe opp og reflektere over ting, slik som Maria gjorde i juleevangeliet: «Maria gjøymde alt dette i hjartet ditt og grunda på det.» (Luk 2, 19).
- Midt i julestress og strid, stopp opp og undrar over deg sjølv, naturen og Gud.

Krubba

- Julekrubba der Jesus låg er enkelt – ei krubbe av halm som gjev næring til dyra.
- Dette uttrykkjer mysteriet, at Guds barn, lagt i krubba, er næring for oss.
- Jesus sa: «Menneske lever ikkje av brød åleine, men av kvart ord som går ut frå Guds munn.» (Matt 4,4) og evangeliet på 1. juledag fortel oss at «Ordet vart menneske og tok bustad mellom oss.» (Joh 1,14).
- Korleis kan vi i større grad dele mat- og åndeleg næring til medmenneska våre som lever i naud?

Juletreet

- Juletreet er sentralt i julefeiringa.
- Treet er pynta med lys, englar, hjarte og stjerner.
- Juletreet er æra med ein plass i stova, i bygda og framme i kyrkja.
- Menneske uttrykkjer si skaparevne og kreativitet ved pynting av treet.
- Korleis kan vi elles i livet fokusere kreativiteten vår og ære Guds skaparverk ved å verne om den sårbare naturen, liksom vi ærar og pyntar juletreet?

Kan julepynten vere berekraftig?

- Bruk ting frå naturen til pynt som kristtorn, gran, mose og kongler.

Er gåvene resirkulerte?

- Gamle gåver som er for god til å kaste kan få nytt liv for andre viss vi hugsar å gje dei vidare.

Kan julematen vere grøn?

- Hente/kjøp ingredisensane lokalt, gjerne økologisk og fairtrade.
- Kjøp frukt og grønt så langt som mogeleg på laussal for å unngå unødvendig innpakning med papp og plast.
- Lag mat som passar til tal gjestane for å unngå matsvinn.
- Hugs å bruke restane – frys ned til eit seinare måltid, og det som er for dårlig til å ete kan brukast til kompost.

God, grøn jul.

MT

Signa jol – andre forsøk!

På julaftan i Guddal blir det forhåpentlegvis urframføring av ein ny tone til eit gamal juledikt.

Undertegnede fant dette diktet, Signa jol, for noen år siden i et julehefte, Jul i Sunnfjord. Jeg har på morssiden mine røtter i Sunnfjord, nærmere bestemt Guddal, og siden opphavsmannen, Sigvard Sørebø, var en yngre bror av min bestefar, Thomas Sørebø, var dette interessant lesning, og teksten har naturlig nok blitt tatt vare på.

Min faglige bakgrunn gjennom noen tiår er musikklærer og kordirigent, og på et tidspunkt fant jeg ut at denne teksten burde tonesettes. Når dette endelig ble gjort, fant jeg ut at sangen kunne skrives ut for kor, og neste tanke ble da at hvorfor kan ikke denne for første gang lyde ut i bygda hvor den etter alle landemerker ble skrevet?

Mitt forhold til Sunnfjord kan muligens utdypes noe. Min bestefar flyttet til Fredrikstad i 1913, og jeg er selv født og bosatt der, men familien har i alle år hatt en kontakt med Sunnfjord (Fjaler og Gauldal), og jeg var første gang på slektsgården i Guddal som syvåring og husker godt Sigvard (og for øvrig hans bror Ola som var gårdbruker og lærer i Holmedal).

Derfor er det for meg en stor glede og ære at denne sangen nå kan tone ut i Guddal, hvor jeg synes den hører hjemme. Jeg vil tilegne sangen Guddal Familiekor. La sangen lyde.

*Med hilsen
Steinar Sørebø Hermansen*

Signa Jol!

Kom fred og sæle fagnad,
kom kjærleik, signa jol!
Lat ditt ljós i hjarto dagna!
Gjev ein glytt av evig sol!

Ætta som i natt og kulde
starvar mødd frå år til år,
treng så sårt at strenger dulde
føder von om sol og vår.

Livet er so audt og ubbe,
striden æsar kald og hard.
Sårt me treng til Jesu krubbe
og den kross som frelsa bar.

Signa jol, me knepper
hender,
helsar Kristus på hans ferd,
medan klokkeklangen sender
helsing til ei fredlaus verd.

Berre dei kan berge verda
i ei vond og vonlaus tid.
Berre dei kan støgga sverda
når mot bardag fram me skrid.

Sigvard Sørebø
(1902–1974)

Song gjer godt, heile livet



Emma t.v. og William fann bokstavleg talt tonen fort, og mislikte ikke direkte fotografen heller.

Som ein del av trusopplæringa har det vore tilbod om Babysong på Ljosheim i Dale denne hausten. Guri Høstaker Nordheim har leia samlingane, men då ho er oppteken med utdanning neste år, er det uvisst om tiltaket held fram.

Ingen tviler på at song og musikk er viktig. Det seiest å ha ein næraast magisk verknad på dei fleste menneske. Per Sivle er vel den som best har sett ord på verdien av opplevinga – den første song han høyra fekk, var mor sin song ved vogga. Dei mijke orda og tonane gjekk han til hjarta og følgde han heile livet. Og når han sliten trøytna av, hørde han stilt frå mor si grav: den song som allting heilar. Difor: Song musikk er viktig. Heile livet.

Det lærde kjem att

Viss du syng til eit barn for at det

skal roe seg, blir også den som syng rolegare av det. Nokon kvar har opplevd at mange som tykkjест vere tapt for denne verda mentalt, og knapt har verbalt språk igjen; når dei hører songar dei ein gong lærde, ja, då kjem både teksten og tonen fram att. Dei syng med.

Sosialt veit vi at musikk skaper gode rammer og føresetnader for felles oppleving og samhandling. Den kan til og med styrke immunforsvaret, seiest det.

Dåp ikkje noko vilkår

Så då skulle det berre mangle at ikkje dei minste får vere med på dette. Tilboden i Dale er for gruppa 0-1 år, og Guri Høstaker Nordheim har erfaring frå tilsvarende opplegg både i Sogndal og i Askvoll, der ho bur.

- I Askvoll har vi hatt åtte-ti samlingar i semesteret. Vi møtest i prestegarden.

Her i Dale har det vorte sju samlingar i haust, og det ha vore kjekt å halde på, seier Guri.

Ho legg opp til ein fri møteplass, der også fedre er velkomne til å følgje borna sine.

All trusopplæring har eit diakonalt tilsnitt. Babysongen er ikkje noko unntak. Men Guri strekar under at sjølv om det er i kyrkjeleg regi, er tiltaket ope for alle born opp til eitt år. Barnet treng ikkje vere døypt, her kan alle komme. Nokre av songane er rimelegvis farga av trusopplæring og henta frå det vi kan kalle den kristne songskatten, men dei syng mange andre songar også.

God tradisjon i Dale

Men her er ikkje berre song. Babysong skal også vere ein sosial arena for dei vaksne som er med. Ei økt med drikke og litt å bite i høyrer med. Den styrker samhaldet, og då det å bli og vere foreldre arter seg ulikt, er det nyttig å komme i lag og sjå og høre korleis andre har det. Difor håper Guri at det skal vere råd å halde fram med tiltaket i Dale, sjølv om ho ikkje vinn på det attåt anna arbeid og diakonstudiet. Kanskje kan to gå saman, der ein tek seg av å leie sjølve songstunda, medan den andre ordnar det praktiske rundt tilrettelegging og servering.

Då bladet gjekk i trykken, var ikke noko avklart, men det vert arbeidt for å få til babysong i Dale også etter nyttår. Det hadde vore fint om det lukkast no då dei er så godt i gang. Tradisjonen går frå 1999 til 2020, då i regi av kulturskulen og Helsestasjonen.

Atle Lyngstad Ness



Guri Høstaker Nordheim likar veldig godt Babysong og har hatt grupper både i Askvoll og i Sogndal då ho budde der. I bakgrunnen bestemor Gro Gunnarson, barnebarn Sunniva Sowerby Anthun og mamma Elisabeth Sowerby.



For ikkje å misse tråden, følgjer Emma teksten med fingeren, både for seg og mamma Rebecca Baust.



Visst heiter det Babysong, men samlinga er fin også for mor. F.v. Elise Solheim m/William, Caroline Løseth m/Max, Valgjerd Arstein m/Gabriel og Thea Sunde m/Selma.



Eli (nesten 1 mnd, i midten) og mamma Amalie Sandemose var med for første gong. T.v. er Sunniva Sowerby Anthun og nærmest Amalie Haugsbø m/Iver.



Trygt og godt på mammas herd, Iver og Amalie Haugsbø.



Like før det er tid for noko heilt anna enn song... ein liten blund, for debutant Eli, på mamma Amalie Sandemoses arm.

Barnet måtte døypast i Dale

Då Irene Nedrebø (90) kom til Straumsnes for 65 år sidan, sokna dei til kyrkja i Holmedal. Kyrkjeskyssen gjekk med båt. Ofte i ruskevær. Ein gong var det så ille at dei ikkje torde fare over fjorden. I staden tok dei dåpsbarnet med til Dale.



Kalenderen ligg ikkje, 2. september runda Irene Nedrebø 90 år. Ho har hatt god helse og vore aktiv og med på mykje, alt frå ein aktiv oppvekst med yngres, ungdomslag og losjen.

Vegløysa på Nesalandet kjende Irene att frå Littlebergen i Meland, der ho vokste opp på gard med foreldra og ei eldre syster.

Drog til Amerika

I 1949 pakta familien vekk garden og sette kursen mot Amerika. For jentene vart det halvtanna år «over there». Dei arbeidde hos morbror til Irene og kona, som hadde restaurant og butikk på Tofte i Minnesota. Den same tanta sende stoff til konfirmasjonskjolen til Irene i 1946, og dei kom heim til dagen.

Sjølv om Littlebergen hadde eit variert næringsliv, med bakeri, mølle, margarinfabrikk, meieri, to butikkar, post og telefon, korkfabrikk, leiketyfabrikk, plastfabrikk, møbelfabrikk, ishus og ei ettertrakta smie, attåt jordbruksbedriften, var det nesten

sjokkarta å komme til Amerika.

– Det var så stort, mest som eit eventyr, alt i hop, seier Irene.

Befalseleven

Vel heime igjen dreiv ho garden ei tid, tok søndagsvakter på stasjonen og arbeidde på havremølla. Ikkje få tusen pakkar med puffa ris pakka ho og ekspederte. Det vart så mykje at ho knapt tolde sjå puffa ris i lang tid. Faren heldt fram med tidevis å arbeide i Amerika, som mannskap på fraktebåtar på Lake Superior. Irene gjekk folkehøgskule, husmorskule og tok utdanning som barnepleiar. Ho skaffa seg ein allsidig praksis fleire stader med koking, vaskeri og lapping av klede. Alt kom godt med seinare både som utearbeidande, mor og husmor. Ho takka også ja til ein kortare bokl ved Fossli hotell, noko som vart avgjerande for framtida. I ein flokk befalsskulelevar frå Trondheim, dukka det av alle ting opp ein sunnfjording. Han heitte Olav Nedrebø. Resten veit vi.

Ein god plass å komme til

Postverket, som vart Olav sin arbeidsgjevar, hadde gode tider: - Ja, det vart mykje brevskriving, seier Irene, ein del telefonering og nokre besøk i dei to åra eg arbeidde som barnepleiar i private heimar i Bergen, med ansvar for dei nyfødde dag og natt, før vi gifte oss 17. august 1957. 18. november same året kom eg til Straumsnes med flyttelasset om bord i gamle «Sandøy». Eg hadde gode og snille svigerforeldre, og heile bygda tok vel imot meg. Eg kan med handa på hjartet seie at eg ikkje lengta heim att ein einaste dag, seier Irene.

Trivselen hang sjølsagt saman med at dei fekk fem born frå 1959 til 1967. Litt spenning var det knytt til dette, då Irene er Rhesus minus. Men det gjekk godt, dei tre eldste vart fødde heime, med Kari Lie som jordmor, dei to siste i Bergen. Dei bygde om og på huset i fleire omgangar, og 1. august 1967 overtok dei butikken etter Magnus Åsnes.

Svigermora bad henne med i Sjømannsforeininga, og dette gav Irene gode møte med kvinnene i bygda både «innai og utai Håjen». Dei var også med på tradisjonen med å sende julegåver til sjøfolk.

Bygda miste «alt»

Olav var mykje engasjert i politisk arbeid og var sekretær og sakshandsamar i kulturstyre og bygningsråd. Etter 25 år gav dei seg med butikkdrifta, og sonen Jarle tok over i fem år. Dei siste tre åra, fram til 2000, stod Berit Bakkebø for drifta. Bygda laut bere mange tap. Bybåten, som Irene ofte ekspederte, sluttar å gå, telefon og post vart plukka vekk. Barnehage og skule vart nedlagt, og i neste omgang skifabrikken. Heldigvis hadde dei fått vegsamband i 1968. Olav arbeidde i to år som poststyrar i Flekke, og Irene var landpostbod ut frå kontoret der eit par års tid, før dei pensjonerte seg.

Band til Holmedal

Då Irene flytta til Straumsnes, budde kallskapellan Finn Halle Tvedt der. Den dagen han hadde siste gudstenesta i Holmedal, vart eldstejenta Anne døypt. Med fem born som vart døypte og konfirmerte der, og dei som fall frå vart jordfeste i Holmedal, har dei på Straumsnes nære band til andre sida av fjorden.

Turen til Bogeåsen i Holmedal er langt frå den mest utfordrande Irene har lagt bak seg, men til gjengjeld er der fin utsikt over Dalsfjorden, heim til Straumsnes.



Adolf «Kleppenesen» Søreide hadde kyrkjeskyssen til Holmedal i mange år og gjekk nær sagt uansett vær. Berre ein gong hugsar Irene at dei ikkje torde å vere med.

Adolf Søreide ordna kyrkjeskyssen, som stundom baud på ein strevsam overfart.

Irene hugsar spesielt 28. februar 1988, då vesle Linda Isabel skulle døypast. – Sjøen var ganske hissig. I eitt rök, og vi var mange som skulle vere med båten. Vi vart einige om at det var for farleg å ta ut. I staden ringde Olav til Anne Marie

Dahl Mustard, og spurde om vi kunne få ha dåpen i Dale seinare på dag. Ho sa ja og var einig i at det var gale å leggje ut på fjorden i slikt vær.

Turmenneske

Elles har Irene alltid likt godt å vere på sjøen. Olay, som gjekk bort før fem år sidan, delte den interessa, og dei hadde eigen båt. Saman

med gode venner vart det eit utal Syden-turar, dei var på cruise og mange land i mellom- og Nord-Europa er besøkte. Ho har gått mange turar i fjellet. Det er god trim og gjev fine naturopplevelingar. Irene har vitja fleire av dagsturhyttene, og TiTur-Dalsfjorden er ein favoritt.

Irene, ein av 17 i landet med det sjeldne namnet Marguerite, runda 90 i september. Ho held seg godt og gler seg over god helse. Men det gjeld også å ta vare på kroppen og livet. Sjølv om ho har hatt sertifikat i 52 år og tilgang på bil, har ho prøvt å vere aktiv og skaffe seg opplevelingar. Kanskje er det ikkje noko minus at ho aldri har brukt sminke?

- Eg har vore heldig med god helse og at eg kom inn i ein kjekk familie og ei god grensd. Nokre «slag» har livet gitt meg, men då eg vart åleine, bestemte eg meg for å ikkje syte og tykkje synd i meg sjølv. Det har hjelpt meg å vere aktiv med alt her heime, men også ta ut og vere med på det som blir bydd meg, seier Irene.

Atle Lyngstad Ness

Arthur i 150 år gammal kjole

Barnedåp for tvillingar er ikkje daglegdag, og at dåpsbarn har på seg ein 150 år gammal kjole, endå sjeldnare. Men tvillingen Arthur Eldevik Dale hadde det i Dale kyrkje tidlegare i år.

Arthur og broren Albert er fødde dalegutar, og blir vel dalekatar med tida, men både på fars- og morssida har dei gode røter i Sogn; Hyllestad, Balestrand og Vik. Og dåpspresten kom frå Kyrkjebø.

Arv etter jordmora

Ingen veit sikkert kven som sydde dåpskjolen. Men ho som eig den i dag, Marta Bjørvik i Bygstad, og som er oldemor til tvillingane, fortel at det var oldemor hennar igjen, Dordhei Sylvarnes, som fekk sydd kjolen. Ho utdanna seg til jordmor i Bergen og hadde pengar til å få sydd kjolen. I folketeljinga for Vik i 1910, under Sylvarnes, er ho nemnd som «gaardmandskone og jordemor». Mannen Ole og ho fekk fire barn, ei jente og tre gutter.

- Då dottera deira, mi bestemor, som også heitte Marta, gifte seg til Feten i Vetelefjorden, fekk ho dåpskjolen med seg. Der vart den brukt i familien eit par generasjonar, og då eg fekk mitt første barn i 1969, fekk eg overta kjolen, seier Marta Bjørvik, fødd Langeteig.

Nevenytige søstre

Men kva gjer du når du har to gutter som skal døypast, men berre ein dåpskjole? Jau, då tek dei i familien som kan og liker slikt, ansvar og syr ein kjole til. Søster til Marta, Olina Langeteig, som bur på Hundorp i Gudbrandsdalen, tok som så ofte før syarbeidet på strak arm. Ho sydde ein kjole så lik den gamle som råd var. Den fekk Albert bruke. Tidlegare har Olina sydd to dåpskjolar i thaislikje til søster Norunn, og ho har strikka bunad til storebroren til tvillingane, Lucas.

No er det ikkje berre den gamle kjolen som er spesiell. Mor til Marta og Olina, Gunvor Langeteig, hekla i si tid belte og band til gamlekjolen etter ei oppskrift som ho fann i bladet Familien. Og då Olina no sydde ny kjole, tok den tredje søstera, Norunn Langeteig, som bur i Dale, jobben med å hekla band til den nye



Prostiprest Runar Matsui-Li, som no er sokneprest i Hyllestad og bur på Kyrkjebø, døypte tvillingane til Katrin Eldevik og Erik Dale. Kyrkja er frå 1864, og kjolen som Arthur t.v. har på seg er nesten like gammal. Kjolen Albert ber, vart sydd til anledningen. Begge har vakre hekla band med befalingsorda «Lat småborna komme til meg, for Guds rike høyrer dei til». Privat foto



Det var oldemor til desse to søstrene, Dordhei Sylvarnes, som i si tid fekk sydd dåpskjolen. Bestemor deira fekk den med seg til Vetelefjorden då ho gifte seg dit, og då Marta Bjørvik t.h. venta sitt første barn i 1969, overtok ho den. Olina Langeteig sydde ein ny kjole no då det vart bruk for to samtidig. Albert t.v. er fire minutt eldre enn broren Arthur.

kjolen. Jesu ord - «Lat småborna komme til meg, for Guds rike høyrer dei til» - slik det heiter i dåplsliturgien, henta frå Bibelen og Markus 10,14, kan vi lese på dei vakre banda.

Etter bestefar og oldefar

Dei einegga tvillingane har for lengst feira 1-årsdagen, fødde 9. september. Dei var nokså jamstore ved fødselen, Albert 2630 gram, og fire minutt eldre enn Arthur på 2.652 gram. Frå før er

det tvillingar i slekta både på fars- og morssida til foreldra, Katrin Eldevik og Erik Dale, så noka stor overrasking er dei ikkje. Namna Albert og Arthur er ikkje tilfeldig valde. Dei er begge oppattkalling frå farssida. Arthur Dale frå Leirvik var far til Erik. Han gjekk bort i 1994. Bestefar til Erik på morsida, Albert Hope i Dale, døydde i 1997.

Atle Lyngstad Ness

Hausttreff i Bergen

Laurdag 1. oktober var Dale barnekor på Hausttreff. Borna gleda seg mykje på førehand og var spente på kva som venta dei. Pga coronapandemien har det ikkje vore mogleg for koret å delta på liknande samlingar dei siste åra.

Til saman 17 born og 4 voksne frå Dale deltok. Det var avreise tidleg på morgonen og kortreffet fann stad i Nykirken i Bergen. Vi hadde ein innhaldsrik og kjekk dag. Borna lærte seg fleire nye songar, dei åt pizza og song saman med andre kor. Dei andre kora som deltok kom frå Bergen og Øystese.

Hausttreffet vart avslutta med generalprøve og konsert. Dale barnekor var med på å framføre felles og nyinnovde nummer, i tillegg til nokre eigne songar dei hadde på repertoaret frå før. Konserten vart flott og publikum vart imponert.

Vår eigen Mark Taylor akkompagnerte som vanleg stødig frå pianoet, medan instruktør Eirin Beate Åserud-

Løvlid leia borna gjennom nye songar og rørsler. Vi avslutta dagen med snoping i gågata, før vi reiste trøtte og fornøgde heim.

No håper vi på ny kortur til våren, då er vi inviterte med på kortreff i Samnanger.

Ida Haugsbø



Kven skal styre kyrkja i Fjaler i neste soknerådsperiode?

Fire år går fort og nytt soknerådsval er 10. og 11. september 2023

Kyrkjeval skjer kvart fjerde år samtidig med kommune- og fylkestingsvalet.

Soknerådet er ansvarleg for gjennomføring av soknerådsvalet og fristen for å ha klar kandidatlista til valet er 31 mars 2023. Tida går fort og vi ønskjer ikke vere ute i siste liten.

I Fjaler har vi ei opa inkluderande folkekyrkje med rom for alle. Den lokale kyrkja i Fjaler treng framleis interesserte og aktive medlemer i soknerådet og i lokale kyrkjelydar knytt til dei ulike gudstenestestadane. Representasjon frå alle delar av soknet er viktig.

Medlemmer av Den norske kyrkja som bur i soknet og som seinast i 2023 fyller 18 år, kan stå på soknerådet si valliste. Du må gjerne føreslå deg sjølv og/eller peike på andre som kan spørjast om å inneha det viktige vervet. Soknerådsvalet er eit demokratisk val der du vel kven som skal styre di lokale kyrkje dei neste fire åra.

Forslag til kandidatar til soknerådet kan, innan 24. mars, meldast til nominasjonskomiteen i Fjaler sokneråd ved soknerådsleiar Trude G Høgseth Felde tlf. 99284351.

Kyrkjevalet 2023

Kva gjør soknerådet - ansvarsområde

Fjaler sokn sin årsrapport gjenspeglar hovudaktiviteten til den lokale kyrkja i Fjaler. Årsrapporten for 2021 finn du på Fjaler sokn si heimeside www.fjaler.kyrkja.no, under fana «OM OSS».

Her finn du og tidlegare utgåver av Kyrkjebladet.

I Fjaler har kyrkja berre eitt råd sidan kommunen berre har eitt sokn. Fjaler sokneråd har difor ansvar både for soknerådsoppgåver og for dei oppgåvene som i kommunar med fleire sokn, ligg til kyrkjeleg fellesråd. Soknerådet leier verksemda i kyrkjelyden. Som medlem i soknerådet har du innverknad på dei lokale oppgåvene og utfordringane i kyrkja i Fjaler. Arbeidet i soknet spenner over mange tema og ansvarsområde.

Soknerådsoppgåver: gudsteneste, offertildeling, song og musikk, misjon, dåpsopplæring, barne- og ungdomsarbeid, samarbeid med frivillige.

Fellesrådsoppgåver: miljø og rettferd, tilsetjing og arbeidsgjevaransvar, administrasjon og økonomi, drift og vedlikehald av kyrkjer og gravplassar. Listene er ikkje uttømmande.

Soknerådet møtest 6-7 gonger i året, på kveldstid. Arbeidsmengda er overkommeleg. Møtegodtgjersle vert gitt.

Vallister

Ei valliste skal setjast opp i prioritert rekkefølge (ikkje alfabetisk). Vallista bør om mogeleg ha minst 40 prosent representasjon av kvart kjønn, og minst 20 prosent representasjon av ungdom under 30 år.

Det er 8 leke medlemer i Fjaler sokneråd. I tillegg skal det veljast 5 varamedlemer. Dei har ulik utdannings- og yrkesbakgrunn og mange er aktive på andre arenaer i lokalsamfunnet.

Soknepresten er fast medlem av rådet. Når rådet handsamar saker som tidlegare vart handsama av kyrkjeleg fellesråd, møter ein representant valt av kommunen.

Dei fleste sakene som vert handsama i soknerådet er saksførebudde på førehand med framlegg til vedtak. Innkalling med saksvedlegg vert sendt ut på e-post om lag ei veke før møtet.

På heimesida til Den norske kyrkja kan du lese meir om dei kyrkjelege vala.

Samstundes med soknerådsvalet er det og val til Bispedømerådet og Kyrkjerådet.
<https://kirken.no/valg/>

Kyrkjevalet 2023: Fjaler sokneråd

Er det lenge sidan sist du besøkte ei av kyrkjene våre? Dei gamle kyrkjebygga har sine eigne sær preg med mektig arkitektur. Kyrkjene har både historisk og estetisk verdi. Kyrkjebygga i Fjaler er del av vår kulturarv, og det er soknerådet sin jobb å ta godt vare på dei i lag med dei tilsette i kyrkja.

Kyrkjerommet gir oss samhald og opplevingar. Kven hugsar ikkje store merkedagar inne i dei vakre kyrkjene våre, slik som dåpen til yngstemann, din eigen konfirmasjon, bryllaupet til barndomsvenninna eller den verdige gravferda til den snille nabokona? Kanskje minnast du ei gudsteneste med vakker korsong, eit orgelstykke som rørte deg, eller ei preike der Knut Arne sa noko heilt spesielt slik at du gjekk heim med ei god kjensle, eit smil om munnen og eit lettare sinn?

Nokre fortel at dei ikkje går til gudsteneste så ofte, men at dei har sterke kjensler knytt til konsertopplevingar i kyrkjerommet. Soknerådet er med på å arrangere dei fleste konsertane i kyrkja, og vi tek ofte initiativ til konsertar og hjelper til å velje artist. Du har kanskje vore på konserten med Bjørn Tomren, Sigrid Therese

Moldestad, Det norske jentekor, orgelkonsert med kantor Mark eller den store julekonserten med alle dei lokale musikalske aktørane?

Opplevingar i kyrkjerommet gir oss identitet og kjensla av å høyre til. Seremoniane i kyrkja får fram alle følelsane i oss, og vi kan kjenne på både glede og sorg. Når vi opplever dei lykkelegaste stundene i livet, som å finne den store kjærleiken eller bli foreldre, er bryllaup og dåp dei største høgdepunkta. Av kjærleik vert ein sterk, så sterk at ein kan klare å takle sorg. Og når vi opplever det verste i livet som å miste våre nærmaste, er kyrkja ein stad der vi kan hente styrke og kjenne på samhald som gir krefter til å gå vidare. Ein stad midt imellom desse to ytterpunktene, den høgste gleda og den djupe sorga, kjem dei fleste vanlege dagane i kyrkjeåret.

I Fjalerkyrkja arbeider dyktige fagpersonar som både er kreative og evnar å engasjere kyrkjelyden på gudstenestene. Dette gir mange ulike opplevingar, både for dei som deltek og dei som hører på. Mang ein gong har ungane i kyrkja imponert oss med korsong, opplesing, dramatisering, dans og anna.

Barn og unge som deltar i kyrkjelydsarbeidet kjenner på meistring og det å høyre saman, og dette er eit viktig ledd i utviklinga til gode samfunnsborgarar.

Fjaler sokneråd er godt organisert under ein dyktig kyrkjeverje og har engasjerte og pliktoppfyllande medlemmar. Humor og latter er likevel viktige ingrediensar på møta som plar vere omlag seks gongar i året.

Kyrkja er ein viktig samfunnsaktør, på linje med i politisk arbeid og frivillige organisasjonar. Dersom du vil at kyrkja framleis skal vere her i sorg, glede, kvardag og fest, er det viktig å bidra. Vi ønskjer at kyrkja skal vere ei folkeleg kyrkje med stor takhøgde og rom for alle. I soknerådet treng vi folk med ulik bakgrunn og frå alle aldersgrupper, og det einaste kravet er at den som er med i soknerådet må vere medlem i kyrkja. Soknerådet skal snart i gang med nominasjonsarbeidet til soknerådsvalet hausten 2023, og vi set stor pris på tips om kandidatar som kan bidra i arbeidet vårt.

På vegner av soknerådet i Fjaler
Trude Gjeitanger Høgseth Felde

**Kyrkjevalet
2023**

vil du ha eit godtråd?

Still til soknerådsval. Kyrkjevalet.no



Avskjed med biskop Halvor Nordhaug

Halvor Nordhaug frå Fredrikstad flytta til Bergen og tok til som biskop i Bjørgvin i 2009, og flyttar tilbake til austlandet når han no pensjonerer seg. Halvor Nordhaug har markert seg som ein biskop med ei tydeleg røyst i det offentlege rom.

Fjaler hadde bispevisitas hausten 2011 saman med Gular. Dette var den første visitasen til biskop Halvor Nordhaug i Sunnfjord prosti. Å visitere to sokn i to ulike kommunar samstundes var noko nytt ein ville prøve ut. Men det viste seg å vere for utfordrande og det blei med den eine gongen. Ved kveldsgudstenesta i Dale kyrkje under visitasen, vart Lilja Kristin Thorsteinsdottir frå Island innsett som ny sokneprest i Fjaler.

Når Halvor Nordhaug no har sluttat som biskop, har han i haust vitja alle prostia i bispedømet.

Torsdag 27. oktober var tilsette, tillitsvalde og frivillige invitert til å møte han på kyrkjelydshuset i Førde og gudsteneste i Førde kyrkje – dei tilsette til ei samling midt på dagen, og dei tillitsvalde og frivillige til ei samling i kveldinga som starta med gudsteneste i kyrkja. Vi møtte ein engasjert og humoristisk biskop.

Biskopen peika denne dagen på tre «ting» det er viktig å ta vare på;

1. Ta vare på ungdomen
2. Ta vare på kyrkjelyden
3. Ta vare på trua.

Vi fekk òg ei orientering om Bjørgvin bispedøme sitt misjonsprosjekt på Cuba.

Bispedømerådet gjorde 1.juni 2021 vedtak om å gå inn i eit venskapssamarbeid med den lutherske kyrkja Iglesia Evangelica

Unida (IEU) på Cuba, saman med Normisjon som har samarbeidd med denne kyrkja i over 20 år.

Pengegåver og innsamla midlar har gått til medisinsk utstyr, pastorløn og kyrkjelydsplanting i ein bydel i Havanna.

Det er vanleg praksis at kyrkjelydane gir biskopen avskilsgåve når han/ho sluttar. Det er som oftast ikkje ei personleg gåve, men til eit prosjekt. Biskop Halvor Nordhaug ønskete ei gåve til arbeidet på Cuba, og kvart fellesråd i Sunnfjord har gitt kr 1000.



Biskop Halvor Nordhaug heldt avskjedsforedrag på Førde kyrkjetun.



Biskop Halvor Nordhaug og sokneprest i Naustdal, Rigmor Frøyen, under avskjedsgudstenesta i Førde kyrkje. Foto: Jens Zeuthen Meyer

Kjekt møte med Bjørn

Etter å ha gledd seg over at han heilt fortent vann Stjernekamp, endå til med vår eigen Jakob Sande på repertoaret, såg mange fram til møtet med Bjørn Tomren i Dale-kyrkja i august. Dei gjekk ikkje skuffa heim.

Den timelange konserten for ei fullsett kyrkje femnde det vi visste han kan; frå sprelsk jodling til strupesang, salmar, rolege viser og balladar. Ja, endå til appelsinsjongløren fekk vi ved oss. Då lyt det heller våge seg at sambuar Åse Britt Jakobsen ikkje nådde fram grunna flyproblem. Og så får vi la nåde gå for rett med den holete buksa sidan han i farten gløymde dressen heime. Sjølv var han mest glad for at mora ikkje såg det....

Eg skal ikkje gje meg ut på terningkast og endå mindre ei kvalitativ vurdering av prestasjonane, det har eg ikkje kunnskap til. Men det trengst heller ikkje. Når eg likar hans tiltalande, litt smålåtne og underfundige måte å stå fram på, og set pris på det han bidreg med, ja, då er det nok, for meg. Stjernekamp er det einaste av desse gjengangarprogramma eg ser og skal gjerne vedgå at eg gong på gong tenkte: I kveld ryk han! At han skulle gå heile vegen til topps med trauste ting som «Du er min los» hadde gitt høge odds. Men desto kjekkare å erfare at nettopp dette ville dommarar, publikum i salen og sjåarane ha. Norge trykte guten frå Tomrefjorden til sitt bryst, for å seie det med ein klisjé. Det gjorde publikum i Dale òg.

Atle Lyngstad Ness



På konserten i Førde i mars fekk Pål Furnes Ness T-skjorte hos Bjørn Tomren. No kledde han seg i «firmadressen», og Bjørn tok seg tid til ein prat og eit hyggjeleg gjensyn. For begge.



Bjørn Tomren ville gjerne sjå gravstaden til Jakob Sande når han var her. Klokkargarden med Bestefarstaua òg.



Det musikalske uttrykket er allsidig og fengande.



Bjørn Tomren hadde med seg Heine Bugge t.h. og Sigbjørn Apeland til Dale. Foto: May Britt Ness

Velkommen til kyrkje

Sjekk www.fjaler.kyrkja.no, facebook.com/FjalerKyrkja
 eller sjå annonsen i Firda kvar laurdag for oppdatert informasjon.

Fredag 9. desember

Dale kyrkje kl. 19.00

Den store julekonserten med lokale artistar.
 Kollekt til konsertpianoet.

Søndag 11. desember

Dale kyrkje kl. 11.00

Solosong ved Marie Skadal
 Kyrkjekaffi.
 Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Julaftan 24. desember

Folkestad bedehuskapell kl. 11.00

Offer til Kirkens Nødhjelp.

Guddal kyrkje kl. 13.30

Familiekoret deltek.

Offer til Kirkens Nødhjelp.

Dale kyrkje kl. 16.00

Barnekoret deltek.

Offer til Kirkens Nødhjelp.

Juledag 25. desember

Dale kyrkje kl. 12.00

Cantus og Dale Musikkorps deltek.
 Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

Nyårsaftan 31. desember

Dale kyrkje kl. 16.00

Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Søndag 15. januar

Folkestad bedehuskapell kl. 11.00

Solosong v/Marthe Eimind

Straumsnes grennahus kl. 13.30

Kyrkjekaffi.

Søndag 22. januar

Dale kyrkje kl. 11.00

Søndag 29. januar
 Guddal kyrkje kl. 11.00
 Misjonsgudsteneste.

Folkestad bedehuskapell kl. 14.00

Søndag 5. februar

Dale kyrkje kl. 11.00

Søndag 12. februar
 Folkestad bedehuskapell kl. 11.00

Guddal kyrkje kl. 14.00
 Guddal familiekor deltek.

Søndag 19. februar

Dale kyrkje kl. 11.00

Folkestad bedehuskapell kl. 14.00

Søndag 5. mars

Dale kyrkje kl. 11.00

Guddal kyrkje kl. 14.00
 Guddal familiekor deltek.

Søndag 26. mars

Dale kyrkje kl. 14.00 (klokkeslett kan bli endra)

Tysdag 28. mars

Dale kyrkje kl. 20.00

Musikkandakt.

Kirkens Nødhjelp - Fasteaksjonen

facebook



Kyrkja i Fjaler er på Facebook:
www.facebook.com/FjalerKyrkja

Her finn du oppdatert informasjon om
 gudstenester, konserter, osv.

Vi har også heimeside: www.fjaler.kyrkja.no



**NULL
STRESS**
VI TAR DET PÅ
Vipps

I kyrkjelyden sidan sist

Døde

Dale:

| | | |
|------------|-------------------------|---------|
| 25.08.2022 | Jakob Skadal | f. 1929 |
| 25.08.2022 | Jørgen Henrik Brynestad | f. 1933 |
| 16.09.2022 | Elida Bakkebø | f. 1924 |
| 28.09.2022 | Ove Lorents Nistad | f. 1941 |
| 05.10.2022 | Else Marie Nistad | f. 1950 |

Guddal:

| | | |
|------------|------------------|---------|
| 27.09.2022 | Oddleiv Yndestad | f. 1954 |
|------------|------------------|---------|

Døypte

Dale:

| | |
|------------|------------------------|
| 28.08.2022 | Emilie Hovlandsdal Øen |
| 11.09.2022 | Ylva Reggestad-Ness |
| | Gabriel Arstein Aase |
| | Max Løseth Holm |
| 25.09.2022 | Tiril Hagenlund |
| 09.10.2022 | Sunniva Sowerby Anthun |
| | Sara Åsnes Kvestad |

Folkestad:

| | |
|------------|----------------------|
| 21.08.2022 | Oskar Lammetun Dale |
| | Peter Dale Lammetun |
| 11.09.2022 | Einar Skaar Nordeide |
| 09.10.2022 | Ella Sofie Folkestad |

Vigde

Dale:

| | |
|------------|-------------------------------------|
| 02.07.2022 | Sølvi Rørvik og Roger André Solheim |
|------------|-------------------------------------|

Guddal:

| | |
|------------|---|
| 20.08.2022 | Lene Beate Skudal Furset og Rune Christer Dingsøyr |
|------------|---|

Kyrkjeblad for Fjaler

Kontonr. 3741 20 73135

Bladpengar kr. 250 / 300 for året.

Redaktør: Knut Arne Kummenje og
Hildegunn Helleset

Prent: Printfarm AS
fjaler.kyrkjeblad@gmail.com

Kyrkja i Fjaler

www.fjaler.kyrkja.no

Fjaler sokn

Dalstunet

Dalsvegen 105A

6963 Dale i Sunnfjord

Tlf. 57 73 97 70 / 40 50 94 52



Kyrkjekontoret er ope

måndag-torsdag kl. 9.00-14.00

fredag kl. 9.00-12.00

Er det lys etter stengetid, kom gjerne innom!
Ved oppdrag og ferie kan du oppleve
kontoret stengt også når det skulle vore ope.

Tilsette med kontorplass:

Sokneprest Knut Arne Kummenje

jobb: 40 50 94 52, mobil: 908 55 230
knakum@fjaler.kyrkja.no

Kyrkjeverje Irene Fløde

jobb: 40 50 94 52, mobil: 992 38 420
kirkjeverje@fjaler.kyrkja.no
Mandag, tysdag, torsdag og fredag

Kantor Mark Taylor

jobb: 40 50 94 52, mobil: 975 13 449
kantor@fjaler.kyrkja.no

Kantor har fri kvar torsdag

Sekretær Hildegunn Helleset

jobb: 40 50 94 52, Mobil: 909 60 321
kirkjesekreter@fjaler.kyrkja.no
onsdag og torsdag

Kyrkjetenarar:

Dale kyrkje

Atle Lyngstad Ness tlf: 911 49 806

Hellevik- og Folkestad bedehuskapell

Guddal kyrkje

Anne Brit Mo tlf: 950 21 424

Vedlikehald av Hellevik og Folkestad

gravplassar

Jostein Folkestad

Fjaler sokneråd

Leiar Trude G Høgseth Felde tlf: 992 84 351

Vipps #127523 Fjaler sokn

Vipps #557133 Fjaler kyrkjeblad

Vipps #616403 Fjaler kyrkjemusikk

Kontonr. Fjaler sokn: 3741 07 14567

Kontonr. Ljosheim : 3741 20 36701

Julegudstenester 2022

| | |
|-------------------------|---------------------|
| JULAFALTAN | 1.JULEDAG |
| <i>Folkestad kapell</i> | <i>Dale kyrkje</i> |
| <i>kl. 11.00</i> | <i>kl. 12.00</i> |
| Guddal kyrkje | NYTTÅRSAFTAN |
| <i>kl. 13.30</i> | <i>Dale kyrkje</i> |
| <i>Dale kyrkje</i> | <i>kl. 16.00</i> |
| <i>kl. 16.00</i> | |

God jul!

Julegudstener 2022

JULAFTAN

Folkestad kapell

kl.11.00

Juleoffer til Kirkens Nødhjelp

Guddal kyrkje

kl.13.30

Juleoffer til Kirkens Nødhjelp

Dale kyrkje

kl.16.00

Juleoffer til Kirkens Nødhjelp

1. JULEDAY

Dale kyrkje kl.12.00

Offer til NMS

NYTTÅRSAFTAN

Dale kyrkje

kl.16.00

Offer til kyrkjelydsarbeidet

INFORMASJON

Avsendar: Fjaler kyrkjekontor
Dalstunet, Dalsvegen 105a
6963 Dale i Sunnfjord

God jul!